Statens vegvesen

OSTERØY KOMMUNE
Postboks 1

5293 LONEVÅG

| Behandlende enhet: | Saksbehandler/telefon: | Vår referanse: | Deres referanse: | Vår dato: |
| --- | --- | --- | --- | --- |
| Transport og samfunn | Sigmund Bødal / 41753666 | 22/213378-2 | | 31.10.2022 |

## Uttale - Oversending av dispensasjonssøknad til uttale - gnr. 54 bnr. 25 - Nedste-Mjelda - Osterøy kommune - oppføring av bustadbrakker

Vi viser til brev i frå Osterøy kommune motteke hos oss 24.10.22, med ovannemnde søknad om dispensasjon for uttale.

Slik vi oppfattar det så vert det søkt om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for etablering av bustadbrakkar i samband med Vassbakk og Stol sine oppdrag i Bergensområdet. Det aktuelle området på gnr 54 bnr 25 er i kommuneplanen sin arealdel avsett til næringsformål.

I utgangspunktet er vi av den oppfatning at arealbruken i kommuneplanen skal følgast. I denne saken ser vi at tiltaket det vert søkt for har ein mellombels karakter og at bustadeiningane vil ha tilknytting til anleggsverksemd i Bergensområdet. Vi vurderer at området kan vere formålsteneleg til dette føremålet i ein avgrensa periode. Det går ikkje fram av søknaden kor lenge ein ser for seg at det skal vere bustadbrakker på staden. Ved ein eventuell dispensasjon i saka legg vi til grunn at kommunen gir ein klar avgrensa tidshorisont for bruken. Statens vegvesen ser å kunne stille seg positiv til ein dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel, for mellombels bruk av delar av næringsområdet til bustadbrakker.

Ved ein eventuell endra bruk av delar av næringsområdet til bustadbrakker vil dette medføre krav om utvida bruk av avkøyrsle for bustadformålet, på Fv 5416, jfr §§ 40-43 i Veglova. Det må også innhentast løyve til plassering av bustadbrakkene med tanke på byggjegrense til Fv 5416, jfr §§29 -30 i Veglova. Vestland fylkeskommune er vegeigar og eventuelle løyver må innhentast frå fylkeskommunen.


Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00

firmapost@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Transport -vest/Transportforvaltning Vest 3
Med hilsen

Frode Aarland
seksjonsleiar

Sigmund Bødal
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*

Kopi
STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER